# KYRKJEBLAD for SØR-FRON





NR. 2 VÅR 2013 ÅRGANG 58



Prestens hjørne

# Guds gode gåve

Høge fjell og djupe dalar. Det er landskapet i Gudbrandsdalen. Slik er det også i menneskelivet. Det svingar mellom liv og død. Inn på denne scena er der satt ei kyrkje til å forkynne frelse for folk: "Er de viljuge og lyder, skal de få ete det gode i landet. - På dette fjellet skal Herren Allhærs Gud, gjere eit gjestebod for alle folk, med feite, mergfulle retter og gamal klåra vin." Desse bileta peikar fram mot Kristi fødsel og gjerning, då tida var inne til å utvide openberringa til å gjelde totaliteten:" Gå ut i all verda og gjer alle folkeslag til mine læresveinar."

I dag kjenner vi såleis Gud gjennom skaparverket, lova og evangeliet. For vi lever alle i tillit og tolking. Der finnast ikkje noko klart manifest om andre er for oss eller mot oss. Når vi likevel stolar på dei vi møter, er det avdi vi tydar det dit hen at dei vil oss vel.

Lagnaden til oss menneske både når det gjeld individet og sivilisasjonen, går så opp og ned. Visst skjenkar Skaparen oss livet og held oss oppe så lenge vi er til. Men korkje den eiskilde eller samfunnet kan ta til seg den ære å ha skapt verda. Like så sikkert som at livet er til, er difor Guds eksistens. Dette er nettopp kristendomens definisjon på Vårherre. Han er makta til å vere til i alt som er. Samstundes eksisterer Gud utanfor og uavhengig av det heile. Difor kan han berge oss om alt går til grunne.

Her kjem inkarnasjonen inn. Den usynlege, alle stader nærverande Gud gjev seg til kjenne på ein plass, i ei tid og gjennom eit menneske; Jesus Kristus. Ved å betrakte hans liv, ser vi at her er Gud til stades på ein annan måte enn i alle andre. Jesus lever nemleg ikkje i historieforfalsking som vi, når det gjeld å gje uttrykk for kva som bur i seg eller kva ein maktar: Talar han, lyd sanninga. Handlar han, skjer det gode. Det evig og det heilage kjem såleis fram midt i vår verd. I Jesu menneskeskapnad blir Gud i stand til å døy og kan dermed rive livet laus frå dødens famntak.

Dette kan ingen ta seg til å tru på av seg sjølv. For på den jorda vi lever, er alt timeleg og forgjengeleg. Saker og ting oppstår, varer ei stund og forsvinn igjen. Vi er alle avhengige av ein kyrkjelyd kor nokon forkynner og delar ut sakramentet, for å kunne leve i samfunn med Gud. Dette ser vi av Nytestamentet. Det var nettopp ved å fylgje Jesus gjennom livet at folk kom til tru. Såleis er det livsnødvendig at her finst ei kyrkje også i Sør-Fron. Vår bøn og arbeid må difor vere at det skapande ordet framleis får lyde i jul, påske, pinse og elles i året, så Guds storverk vinner gjenklang i oss. Slik kan vi alle reise oss og finne vårt høge verd: Danna i Guds bilete, frelst ved Kristi kross og fylt med Den Heilage Ande til teneste for nesten. Vi får vandre i tru, von og kjærleik den tid vi er i verda. Sidan skal vi bli gjenstand for ein ny himmel og ei ny jord der rettferd bur. Velsigna vere Herrens heilage namn for det han er i seg sjølv og betyr for oss alle!

*M.E.*

Salma mi

# Den fyrste song

*av Per Sivle*

**Takk til Arild Larshaugen for utfordringa i serien "Salma mi".**
Eg har mange fine salmer, men denne song mor mange gonger og har sett seg i minnet mitt.
Eg utfordrar Agnethe Skattebo til å koma med neste salme,
og ønsker alle ein god sommar!

*Med helsing Marit Nyhus*

---

*Den fyrste song eg høyra fekk,*
*var mor sin song ved vogga;*
*dei mjuke ord til hjarta gjekk,*
*dei kunne gråten stogga.*

*Dei sulla meg så uneleg,*
*så stilt og mjukt te sova,*
*dei synte meg ein fager veg*
*opp frå vår vesle stova.*

*Den vegen ser eg enno tidt,*
*når eg fær auga kvila;*
*der stend ein engel, smiler blidt,*
*som berre ei kan smila.*

*Og når eg sliten trøytnar av*
*i strid mot alt som veilar,*
*eg høyrer stil frå mor si grav*
*den song som allting heilar.*

# *Takk til Kristin og sokneprest Magnar Elde*

Den 14. juli held Magnar, soknepresten vår dei siste 5 åra, si avskjedsgudsteneste i Sør-Fron kirke. Eit triveleg bekjentskap og samvær vart det, men så alt for stutt.

Frå Toten kom dei, og dit dreg dei att. Å koma nærare sine eigne har for mange menneske vori viktige grunnar til å flytte på seg. Slik er det vel også for dei som no tek avskjed og seier takk for seg.

Vi sørfrøningar vil takke for den innsatsen som er lagt ned for arbeidet i kirka og elles medan dei har vore her.

Vi er blitt kjent med ein sokneprest som kunne meir enn sitt fadervår. Bøkene i handa verka på oss som symbol, tekstene hadde han i hovudet.

Han kan overraske, tek like gjerne del i serveringa og dugnadsarbeidet, som han leiar gudstenesta eller andakta. Vi gløymer heller ikkje presten med riva på kirkebakken på dei årlege dugnadene. Han trives godt i lag med bygdefolket og dei i lag med han.

For Magnar er alle like og han tek ikkje seg sjøl høgtideleg. Eit varmt, romsleg og ukomplisert menneske i all si ferd, som også kan overraske med fela si; det set mange pris på. Soleis finn han tonen med mange.

Han er så absolutt tilstades, den beskjedne Magnar, tek ordet om det er noko som bør seiast. Med si folkelighet bidreg han til ei trygg ramme i dei mange samværa.



For kona si, Kristin, er han ein god mann og støtte. Det er ikkje berre Magnar vi tek avskjed med, men også Kristin. Med si kraftige stemme deltek ho i sangen, spelar til salmane og meire til.

Det er alltid kjekt å møta henne, interessert og lyttande som ho er overfor dei ho møter.

Saman har dei to vist oss kva gjensidig respekt er for noko.

På vegne av oss alle, både i bygda her og i Espedalen, vil eg takke for innsatsen og samværet, enten det har vore i sorg eller glede. Lykke til der de no reiser.

*Helsing for soknerådet*
*Kristian Haave*

## *Takk for oss!*

Vi må også få takke for oss. Etter at vi hadde reist for å se på kirken og prestegården, sa guttene våre: ***"Pappa, du må søke".***

Da Magnar så fikk stillingen, var det for meg en gammel drøm om å komme tilbake til Gudbrandsdalen som gikk i oppfyllelse.Virkeligheten overgikk drømmen. Nærheten til fjellet, slik det også var der jeg vokste opp, eventyrhuset og kirken, men frem for alt menneskene. Vi følte oss med en gang velkomne, og bærer med oss videre rike minner fra en levende og trivelig bygd.

*Hilsen Halvor, Sveinung, Eystein og Kristin.*

# Eit intervju med sokneprest Magnar Elde

Ein kald nordavind feier rundt husnova, virvlar opp gammalt lauv og ruskar i brask frå i fjor. Det er ikkje mykje som minnar om vår denne ettermiddagen i april da eg troppar opp på prestekontoret for å slå av ein prat med presten vår. Magnar ber meg velkomen inn med eit smil, og snart er samtala i gang. Eg noterer etter kvart, men brått stoppar han meg og seier: – Skriv det berre heilt enkelt. Ikkje overdriv!

*Dialekta di røpar at du kjem vestfrå?*

– Ja, eg er nordfjording – oppvaksen heilt uti hav-



gapet mot Stadt. Barndommen min vart såleis prega av fiske og skipsfart og alt som det førde med seg. Felespel og tradisjonsmusikk frå Nordfjord var og noko som kom til å bety mykje for meg.

*I 2009 kom du hit til Sør-Fron. Korleis har det seg at du i så godt vaksen alder søkte nytt embete?*
– Gjennom morsslekta til kona mi, Kristin, kjende eg til dølakulturen, og dessutan er vi, medrekna dei tre sønene våre, svært glade i fjellet. Når det så vart ledig prestestilling her, fann eg ut at eg kunne søkje. Eg var einaste søkjaren, og slik fekk eg arbeidet.

*Til sommaren takkar du av etter fire år som sokneprest i Sør-Fron. Korleis har desse åra vore?*
– Å få bu på ein prestegard, er noko av idyllen ved å vera prest. Med utsikt over den vakre bygda, og stutt avstand til kyrkja, kom vi til å trivast i prestegarden. Frå fyrste stund fekk eg eit godt inntrykk av bygda. Sør-frøningane er trufaste og tradisjonsbundne folk som tek vare på historia si. Ho betyr noko for dei.

Forgjengarane mine, både prestar og organistar, hadde gjort eit svært godt arbeid, og det har ikkje berre eg, men og kyrkja hausta fruktene av.

Elles har eg eit nært og godt samarbeid med både organist, klokkar, kyrkjetenar og kyrkjeverge av i dag. Eg må og nemne kona mi, Kristin, som har bidratt med song og pianospel i mange samanhengar. Ho har alltid lagt vekt på å halde ope hus, og såleis har fleire pilegrimar fått overnatta i prestegarden. Dessutan har kommunen synt stor velvilje når det gjeld kyrkja.

*Det er to kyrkjer i Sør-Fron, og dei ligg langt frå kvarandre. Korleis har det vore å skulle forhalde seg til to kyrkjebygg og to kyrkjelydar? Kva for utfordringar har det bydd på?*
– Å gjera turen til Espedalen har eigentleg ikkje bydd på noko problem. Reisa gjennom Kvikne og Skåbu, i vill og utfordrande natur, er ei spanande oppleving. Å koma til fjellkyrkja i Espedalen er alltid triveleg. Kyrkjebygget ligg vakkert til og er både funksjonelt og velhalde. Kyrkjelyden består av nokre få fastbuande og resten hyttefolk, og slik blir det eit spesielt "samfunn" og ikkje alltid så mange å spela på. Når det er sagt, må eg få nemne trufaste kyrkjegjengarar både i Gudbrandsdalsdomen og Espedalskyrkja som stiller opp også på vanlege messesundagar. Dei betyr nok meir enn dei sjølve er klåre over for kristeleg tru og liv i dalen.

*Kva for utfordringar vil du seia at kyrkja står framfor?*
– Viktigst av alt er å få fram kyrkja sin frigjerande bodskap for folk både i fest og sorg. I tillegg er det nødvendig å skapa dialog mellom dei ymse religionane. Dagens multikulturelle og religiøse samfunn krev at vi samhandlar og syner respekt for kvarandre. Når det gjeld menneskerettar, bør religionen vår, kulturen og tradisjonane våre ha mykje å gje. Dinest er miljøvern, knytt til skapartanken, og fredsarbeid, knytt til Kristi forsoning, viktige område som kyrkja må arbeide med kontinuerleg.

*Kvar går vegen når du forlet Sør-fron utpå sommaren?*
– Planen er at vi skal bu i Totenvika på garden til ein av sønene våre. Eg har ikkje tenkt å bli pensjonist riktig endå, så eg er open for å ta meg teneste rundt omkring.

*Har du ei god historie frå di prestegjerning?*
– Etter ein barnedåp skulle eg fram for å overrekke dåpsattesta til foreldra. Korleis det var eller ikkje var så trakka eg i miss og vrikka eine foten. Dagen etter fekk eg høyre at presten hadde hoppa ned frå preikestolen og øydelagt foten sin!

***Eg takkar for samtala og ønskjer lykke til vidare.***

*G.S.R.*

# ....nu kom vor pinseliljetid.....

50 dager etter påske viser kalenderen pinse. Pinsen er festen for Den Hellige Ånds komme, og ordet pinse kommer av det greske ord "pentekoste", som betyr den femtiende. I pinsen feirer kirken Den Hellige Ånds komme og den kristne kirkes fødsel. De første menighetene har sitt utspring i pinsebegivenheten. Derfor kaller mange også pinsedagen for kirkens fødselsdag. I Det Nye Testamente fortelles hvordan Den Hellige Ånd ti dager etter Jesu himmelfart kommer over apostlene, som var samlet for å feire den jødiske pinsefest. På merkelig vis blir de i stand til å forstå og tale alle mulige språk. Deretter går de ut i verden for å forkynne budskapet om Jesus Kristus.

*(Se Apostlenes gjerninger kapittel 2).*

Opprinnelig var pinsen en jødisk fest som markerte avslutningen på påsken og minnet om mottakelsen av de ti bud på Sinai, der Moses fikk lovens tavler. Men kirken har overtatt festen og gitt den sitt eget innhold - feiringen av Den Hellige Ånds komme til verden.

Det nye testamente i Bibelen skriver følgende om pinsen og hvorledes Den hellige ånd steg ned til apostlene i form av ildtunger:

"Da kom det med ett en lyd fra himmelen som når et veldig stormvær farer fram, og fylte hele huset der de satt. Og det viste seg for dem tunger likesom av ild, som delte seg og satte seg på hver enkelt av dem. Da ble de alle fylt med Den hellige ånd, og de begynte å tale i andre tunger, alt ettersom Ånden gav dem å tale".

*Apostlenes gjerninger 2:2-4*

De som var til stede fra andre folkeslag ble forferdet over at disse galileere kunne tale til dem om Gud på deres egne språk, men apostelen Peter forklarte det som et Guds under og forkynte til dem budskapet om at Jesus fra Nasaret var Guds sønn, menneskenes frelser. Peter viser til en profeti i Joels bok, hvor det står skrevet at Gud i de siste dager skal utøse sin Ånd over alle mennesker, slik at de kan tale profetiske ord.

Denne forkynnelsen på første pinsedag blir be-



*Illuminert manuskript som viser hvordan den hellige ånd kom til disiplene i pinsen. Den Hellige Ånd er fremstilt som ildstreker ned til apostlenes hoder.*



*Nikolaj Frederik Severin Grundtvig.*

traktet som kristendommens tilblivelse, og i den katolske kirken blir Peter betraktet som den første pave.

Den danske presten og salmedikteren Nikolaj Frederik Severin Grundtvig skrev i 1843 pinsesalmen: "I al sin glans nu stråler solen".

***I al sin glans nu stråler solen,***
***livslyset over nåde-stolen,***
***nu kom vor pinselilje-tid,***
***nu har vi sommer skær og blid,***
***nu spår os mer end englerøst***
***i Jesu navn en gylden høst.***

Vi finner den i Norsk Salmebok (NoS) som nummer 222 med seks strofer, men ikke i Landstads reviderte salmebok og heller ikke i Landstads Kirkesalmebog. Derimot er den med i det nye forslaget til ny norsk salmebok for den norske kirke. I vår nyeste salmebok finner vi under pinsen ikke mindre enn seks salmer etter Grundtvig, og det er flere enn noen annen.

*…..**nu kom vor pinseliljetid**…* skriver Grundtvig. Første gang vi hører om pinselilje – Narcissus poeticus – er i 1769, da tollskriver Aalholm la ned en del narsisser i sin lysthave på Tromøya på Sørlandet.

Det fortelles også om dyrkning av pinseliljer i bondehagene langs kysten. Plantene ble dyrket for salg, de ble buntet ti og ti, og fraktet i bøtter og baljer til torgs. I Kristiansand er pinseliljen kjent i alle fall tilbake til 1860-årene.

De gammeldagse, fylte og velduftende pinseliljene er funnet gjenstående på flere fyr både i Aust- og Vest-Agder. Det var vanlig at betjeningen flyttet fra fyr til fyr, og vi kan lett forestille oss at blomsterløk ble tatt med og spredd på samme måten. Det er en opplevelse å kjenne duften av de vakre blomstene på forsommeren!

Også i dag er pinselilje dyrket og gjenstående i gamle hager, og vi har funnet den i 21 av 30 kommuner på Agder, i fra kysten og til hagene i indre Agder til ca. 350 m o.h. i Valle i Setesdal. Folk kaller pinseliljene alltid for gamle, og informanter fremhever nesten alltid den gode duften.

Pinseliljene synes mest forvillet inne i hagene og i hagenes umiddelbare nærhet, sjeldnere ut i eng og gammelt kulturlandskap. De er også funnet gjenstående i forbindelse med ruiner og tufter, og i nærliggende kratt ved nedlagt og fraflyttede hus. Sjelden er de gjenstående på nedlagte gravplasser.

*Karl Olsen*



*Fylt og enkel gammeldags pinselilje fra Ryvingen 04.06.2003.*

# Rød knapp mot vold

**STOPP VOLD MOT KVINNER** vil mobilisere til nulltoleranse for vold. Kampanjen har fire fokusområder for sitt arbeid: rettigheter, hjelpetilbud, forebygging og forskning. Som symbol har de en rød knapp med fire hull. Et hull for hvert fokusområde. Rødt symboliserer stopp, og rødt symboliserer kjærlighet.

Alle som bærer den røde knappen er ambassadører for Rød knapp-kampanjen STOPP VOLD MOT KVINNER. Biskop Solveig Fiske er en av dem.

Kampanjen vil jobbe for at bekjempelse av vold mot kvinner skal bli et viktig tema i valgkampen fram mot høstens stortingsvalg. Fra 1992 til og med 2011 har 49 172 kvinner og 36 336 barn hatt et opphold på et av landets krisesentre. Til sammen har de overnattet 1 845 289 døgn for å redde liv og helse. Nasjonale statistikker, historier om vold og drap samt voldsutsatte kvinners erfaringer med å leve med vold, har vi dessverre mange av.

Alle former for vold mot kvinner er kriminelle handlinger som gir de utsatte store helseplager og skader. Volden er ikke et kvinneproblem. Det er et menneskeproblem, et samfunnsproblem, et demokratisk problem, et likestillingsproblem og et helseproblem! Tiden er overmoden for å bekjempe vold og undertrykking av kvinner i "verdens beste land å bo i". Vi trenger holdningsendringer og vi trenger handling!



Bak kampanjen står Den norske kirke, Islamsk råd, Reform (Ressurser for menn), Norske kvinners sanitetsforening, Krisesentersekretariatet, Virke, JURK (Juridisk rådgiving for kvinner) og Pensjonistforbundet.

***Rød knapp-kampanjen***
**STOPP VOLD MOT KVINNER** kan kontaktes via stoppvoldmotkvinner@gmail.com eller

https://www.facebook.com/stopp.vold.mot.kvinner

# Takk for at du betaler for kyrkjebladet!

Kyrkjebladet har etter hvert fått ny form, og det er blitt godt mottatt.
Vi får positive tilbakemeldinger både på innhold og layout.

Vi mottar ingen sponsormidler, annonseinntekter, eller andre former for tilskudd, derfor er vi helt avhengige av gavene som kommer inn for å dekke produksjonskostnadene.

Vi har sett oss nødt til å heve minstekontingenten, og i soknerådsmøte onsdag 17.04.13 vedtok soknerådet at minstekontingenten skal være kr. 150,-

Det er selvfølgelig fortsatt mulig å høyne beløpet som betales inn om du ønsker det.
Det ser vi på som en gave til kyrkjebladet, og blir satt stor pris på!

# Helsing til konfirmantane

**Natur og ungdom**

Som takk for eit godt konfirmantår, vil eg som prest få helse alle de unge og ynskje lukke til vidare i livet, med fylgjande ord:

Å få vere konfirmant akkurat i vår tid, er eit stort privilegium. Eg tenkjer ikkje berre på at de er unge og sterke, men på dette: Ingen før Dykk har samla sett hatt eit slikt syn for å ta vare på naturen og ynskje om å skape fred på jord, som nettopp de som er unge i dag.

Vi er alle heile livet omgjevne av landskap og mennesker på alle kantar frå vi blir født til vi døyr. Som døypt og konfirmert i kyrkja, har de no fått tru og oppmoding til å verne om dette miljøet og gjere vel også mot framande som var dei dykkar syskjen. Gjennom ei slik haldning og handling tilber vi Gud vår skapar og frelsar i Jesus Kristus. Det heiter seg i Bibelen: "Himmelen kunngjer Guds ære, kvelven fortel om det hans hender har gjort. Dagen let sin tale strøyme til neste dag, natt gjev sin kunnskap til natt.- Men dei når ut over heile jorda, orda når dit verda endar".

Som døypt og konfirmert er vi sett i gong på ei reise mot Gud. Dette er veien til å bli menneske, ifylgje kyrkjefader Ireneus. Underveis har det betydning at vi lever i harmoni med naturen gjennom varsom bruk. Kjærleiken til Gud syner seg alltid i nestekjærleik. Før eller seinare vil vi gjennom nådens gåve oppleve å få sjå ljoset. Ein munk skal ha sagt det slik: Klarer du å vere stille på ferda, vil du vinne både Gud og all verda.

Til slutt vil eg legge til: Den kyrkja de er vakse opp med, vil alltid fylgje dykk på veien. Gjennom den tilhøyrer de eit verdsvidt fellesskap. Dette vil gjeve einkvar kraft og inspirasjon gjennom sitt gode føredøme og det Gudsnærver som her bringast til stades. Som kroppen ikkje kan eksistere utan oksygen, kan heller ikkje sjela leve utan tru eller livet utan von. Er vi åleine blir vi lett slitne og nedtrykt, men kjempar vi solidarisk i fellesskap, kjenner vi Guds hjelp og styring, slik Jesus lovar oss: "Der to eller tre er samla i mitt namn, der er eg midt iblant dei". God tur!

*Magnar Elde*

# Sommerhilsen og tanker om presteskifte

Det er to strofer har vært preget meg denne våren. Det er først: Den vakre salmen ***"Visst skal våre komme"*** av Eivind Skeie og Sigvald Tveit.

Jeg synes vi har trengt denne salmen ekstra denne våren. Det har vært et nydelig vær, men frost og kulde vil liksom ikke slippe taket; vi hutrer oss videre samtidig som vi konstaterer nok en morgen med minusgrader sent i april.

Men "Visst skal våren komme!" Vi vil holde oppe en trassig tro og sikkert håp om at snart kan vi synge med Stein Ove Berg:

***Kommer nå, våren kommer nå.***
***Kommer nå, NÅ, våren kommer nå***
***Snart står hestehov og blåveis***
***Langs den veien jeg skal gå. Kommer nå, nå,***
***våren kommer nå.***

Den optimistiske troen på at våren kommer og sommeren likeså, har vi fordi naturen, om den enn kan være lunefull mange ganger, erfaringsmessig skifter med den årsrytmen vi er vant til. Slik er det fordi Skaperen har ordnet det slik. Det gamle visdomsordet fra 1. Mosebok 8,22 står derfor ved lag: "Så lenge jorden står, skal såtid og høsttid, kulde og varme, sommer og vinter, dag og natt aldri ta slutt." Dette har Herren sagt i sitt hjerte, som det står.

For at det glade budskapet om den levende, omsorgsfulle og kjærlige Gud skal forkynnes, er det gitt et særlig ansvar for at forkynnelse og forvaltning av sakramentene skal skje. Dette er vi svært opptatt av for Sør-Fron for tiden. Det skal skje et presteskifte, en skal slutte, en annen følge etter.

Den 14. juli skal vi takke av gode, snille, arbeidsglade, folkekjære og gjestfrie prestefolk. Fire år er gått siden Kristin og Magnar Elde kom til Sør-Fron; det er mange som har blitt glade i dem og som nok hadde håpet på at de hadde blitt lenger. Flere godord skal sies den 14. juli og jeg håper folk møter opp til gudstjeneste og kirkekaffe denne dagen.

Status i arbeidet med å få ny prest til Sør-Fron er følgende: Vi har hatt intervju. Nå skrives det, etter samråd med sokneråd og fagforening, en innstilling som legges frem for Hamar bispedømmeråd. Det er forventet at ansettelse skjer allerede 14. mai.

Det er alltid spennende med presteskifte. Kirke og lokalmiljø skal venne seg til en ny prest og presten, ofte med familie, skal venne seg til et nytt sted og nye mennesker. Jeg hørte noen i staben der man skulle få ny prest si: Vi tar imot den som kommer og vi vil være med å bidra til at den som kommer blir god, ja, akkurat den vi ønsket oss.

Jeg trives godt blant og med menneskene i Sør-Fron. Dere er virkelig mennesker til å bli glad i. Derfor har jeg stor tillit til at dere tar vel imot den som kommer.

*Sommerhilsen fra Per Halstein, også kalt prosten.*

# Primo vere

Årets korkonsertserie ble i år avsluttet 21. april med Sør-Fron Sangkor, Sel Sangkor og Lesja barnekor. Konsertserien startet 13. mars med Norsk Et lite kor, Sør-Fron barnekor, Vågå Sangkor og Ranglarkampen Kamferkor, og 9.mars kunne vi høre Ringebu Sangkor og Lesjaskog Sangkor.

Vi hadde en prat med dirigenten for Vågå Sangkor og Ranglarkampen Kamferkor, Pål Svindland fra Heidal, etter konserten. Han sier det er veldig hyggelig å bli invitert til å delta på slike arrangement. Det er viktig av og til å få komme ut av sine vante øvingslokaler, og det er både inspirerende og motiverende å høre og treffe andre kor i litt mer uhøytidelige sammenhenger.

Pål Svindland vektlegger at det skal være moro å synge i kor, det skal være plass til alle, og repertoaret må være slik at disse målsettingene oppfylles.

Ansvarlig for Primo Vere, organist Sergey Shulga, er godt fornøyd med årets arrangement. Et hovedmål med konsertene er å legge til rette for mer musikk i kirken og å skape aktivitet i korene. Det gir korene erfaring med å opptre, og det er med og skaper gode relasjoner mellom koristene. Kontakten mellom korene øker, og det igjen resulterer i gjensidige invitasjoner.

Korene presenterte et allsidig repertoar, og det var et rimelig høyt nivå på prestasjonene. Tilbakemeldingene som er kommet fra publikum viser at også de satte pris på det de fikk høre.



At det i år deltok to barnekor setter arrangøren særlig stor pris på.

Det lover godt for korsangen i framtiden!

*Karl Olsen.*









# Merket som skal fortelle deg at du er på rett vei

Pilegrimsleden eller Pilegrimsleia er et fellesnavn på flere turveier, som fører fra forskjellige deler av Norge til Trondheim og enkelte andre hellige steder. Pilegrimsledene i Norge er turveger basert på tradisjonen for å dra på pilegrimsvandring som oppstod etter Olav den Helliges død i 1030, og fortsatte utover middelalderen. Ledene bindes sammen av natur– og kulturminner med religiøs tilknytning til middelalderen, samt minner knyttet til Olavstradisjonen.




*Milsteinen i Hamar som viser hvor langt det er igjen til Trondheim*

**Pilegrimsleden er merket med et eget symbol.**

**Pilegrimssymbolet består av Olavskorset og valknuten og er formgitt av Johanna Figur Waddington.**

Valknute, valknut eller valknop er en symmetrisk, knuteliknende figur som består av en sammenhengende strek med flere runde, firkantede eller trekantede løkker. Disse grafiske figurene har en lang historie over store deler av verden. Den særegne formen har blant annet vært brukt som dekor, som symbol for guddommer og som vern mot onde krefter og magi. Valknuter med fire eller tre løkker finner vi i gamle norske bumerker, mens valknuten i Norden i dag er mest kjent som et kringleformet korssymbol med fire løkker brukt på veiskilt med betydningen «severdighet».

Valknute betegner også en spesielt innviklet knute eller en knute uten synlig ende, altså ulike typer evighetsknuter som endeløse slynger som går tilbake til seg selv. I gamle dager ble ordet valknuter dessuten brukt i Bergensdialekten om kringler som var satt sammen av ringer eller løkker av deig.



*På Dovre har pilegrimsmerket fått en annen anvendelse enn bare å merke pilegrimsleden. Dovrevotten er designet av Kirsten Hjort Engum. Hun vant førsteprisen i en konkurranse som Dovre Husflidslag utlyste i 2000.*

# Pilegrimssesongen 2013



*Pilegrimssenter.*

Det våres i bygda vår og det stundes mot en ny sesong med vandring langs pilegrimsleden. Det forventes og kommer signaler om at det blir flere brukere enn i 2012 og det gleder vi oss til. Pilegrimssenteret på Dale-Gudbrands Gard går også, i tillegg til en ny sesong med besøk fra fjern og nær, en spennende tid i møte med ny eier på Dale-Gudbrands Gard. Med lokal eier og driver med fokus på lokalhistorie og lokal mattradisjon vil dette bli en god synergi for vandreren.

Pilegrimssesongen 2013 byr på mange spennende aktiviteter i tillegg til møtene med vandrere fra Norge og utlandet. I samarbeid med soknerådet vil vi arrangere skolevandringer, pilegrimsmesse og lokale vandringer. Pilegrimssenteret skal også i år samarbeide med DNT  og arrangere vandringer i midtdalen.

Pilegrimssenteret vil, i samarbeid med kommunen og de frivillige, skifte ut dårlige og sette opp nye merkestolper langs Pilegrimsleden gjennom Gudbrandsdalen. I sommer vil det også komme opp hvilebenker og gapahuker langs leden. Disse er produsert lokalt hos Giax. Dette vil bidra til å gjøre leden attraktiv for pilegrimer, vandrere og andre brukere av Pilegrimsleden.

I år som tidligere vil vår årlige gruppevandring fra Oslo til Trondheim gå gjennom bygda vår. Et tjuetalls vandrere er påmeldt og de kommer fra bla Tyskland, Nederland og Danmark i



*Pilegrimsleden.*

tillegg til Norge. Vandringen starter i Oslo den 16. juni og avsluttes i Trondheim 28 juli. 643 km over 6 uker med innholdsrike dager med fokus på indre og ytre vandring. Langvandrerne går gjennom Sør-Fron 4. – 6. juli og vil overnatte på Dale-Gudbrands Gard og på Sygard Grytting. Ved ankomst på Dale-Gudbrands Gard vil de få en velkomstmesse og påfølgende dag en avsendelse.

Pilegrimssenteret ser frem mot en ny sesong og en fortsatt økning av pilegrimer og vandrere langs Pilegrimsleden.



*"No dagas det i dalen og det tindrar over tind.*
*Det går ein pilegrimssti gjennom hvert menneskesinn*
*og stien må vi gå alene"*

*( Erik Bye, Pilegrimssang mot år 2000)*

# Pilegrimskonsertene sommeren 2013

26. juni starter sommerens pilegrimskonserter opp. Først ute er vår tidligere og for oss velkjente organist James Dickenson. James trenger ingen nærmere presentasjon, vi er glade for at han vil komme til oss og delta på pilegrimskonsertene.

Deretter går det slag i slag med korte konserter, varighet ca en halv time, hver onsdag til ca midten av august.

Vi får høre Ida Rønshaugen, Lena Lien, og Justin Surlyn og vår egen organist Sergey Shulga. En gruppe musikkstudenter fra Norges Musikkhøyskole vil også besøke Gudbrandsdalsdomen. Det hele avrundes 14. august med Tom Willy Rustad.

***Konsertene starter kl 12 og er gratis.***

Nærmere bekjentgjørelse i lokalavisa og på www.kirken.sor-fron.no

# Alle slags folk

## Alle slags mennesker går pilegrimsleden fra Oslo til Trondheim

Gjennom en pilegrimssesong treffer jeg mange forskjellig mennesker og får innblikk i hvem som går og hvorfor de går Sommeren 2012 traff jeg blant annet 2 sveitsere som hadde gått hjemmefra, vel 3000 km hadde de tilbakelagt. En tysker hadde gått fra stuedøren i Leipzig og skulle til Nidaros. Dette er imponerende, men de aller fleste starter i Oslo eller Hamar.



Sveitsiske pilegrimer.

De aller fleste går for å refleksjoner og naturopplevelsen, noen går for å se om de mestrer en slik vandring, noen går for relgiøse grunner og ettertanke, og noen går fordi de har tapt ett veddemål. Ordføreren i Skaun, Jon P Husby, er en slik pilegrim. Etter et veddemål inngått nyttårsaften 2011 måtte han spenne på seg vandrerskoene og gå Oslo – Trondheim, og da valgte han selvfølgelig pilegrimsleden.

Jeg traff han på Pilegrimssenter, Dale-Gudbrands Gard sommeren 2012. Hittil har det vært en opplevelse sier han og peker på naturen, variasjonen og møtet med folk langs leden.

– Jeg har hatt en drøm om å gå denne pilegrimsturen i flere tiår, men ikke fått gjort det. Men etter at jeg tapte et veddemål tidligere i år, måtte jeg gå den nå, sier Husby.

En amerikansk dame som kom innom gikk av dypt relgiøse grunner og beklaget at kirkedørene var stengt. Jeg åpnet da pilegrimskapellet på Dale-Gudbrand for henne og hun ble dypt beveget.



Jon P. Huseby

Hun gledet seg til Dovrefjell og innkomsten til Nidarosdomen. En annen jeg traff på Pilegrimssenter, Dale-Gudbrands Gard var en tidligere barnehjemsgutt som hadde hatt en tøff oppvekst, med misbruk og alkoholisme. Han var nå nykter og gikk for de av barnehjemsbarna som ikke hadde klart seg.

Alle disse møtene gir et sterkt inntrykk.

Vi har sett at helseminister Jonas Gahr Støre og hans kone, Marit Slagsvold og kronprinsparet har vandret deler av leden og hørt kronprinsessen fortelle i et følelsladet intervju i Nidarosdomen om hvorfor hun valgte å gå.

Etter å ha arbeidet med pilegrimssatsingen i tre sesonger nå ser jeg at pilegrimsleden er for alle og alle slags folk bruker pilegrimsleden. Turfolk, både lokale og turister, skoleklasser, kirkevandringer og pilegrimer og politikere bruker leden på dagsvandringer eller lengre vandringer. Formidling av kulturminner, turistattraksjoner og natur er andre bruksområder for leden. En ting har alle felles, de bruker Pilegrimsleden og vandringen er en del av målet.

Velkommen som pilegrim langs vandringsleden eller vandrer langs Pilegrimsleden

*Per Gunnar Hagelien*
*Daglig leder*
*Pilegrimssenter Dale-Gudbrands Gard*



# Først og størst er kjærligheten

*Helén Jensen, familieterapeut Familievernkontoret Otta,*
**www.familievern.no/otta**

Helt fra fødselen av vet vi instinktivt at vi er helt avhengig av voksne omsorgspersoner for å kunne vokse opp. Barn trenger bekreftelse og anerkjennelse, bli sett og møtt, være trygge på at de blir elsket for den de er – uansett. De trenger i mindre grad vurderinger som «å, så flink du er». De trenger mer «nei se, nå sykler du». Som foreldre er vi opptatt av å være mentalt til stede for barna våre. Samtidig har mange en opplevelse av å måtte leve som før de fikk barn - i tillegg til å inkludere alt det som følger med det å ha barn. Det er mye vi kan føle vi må prestere av jobb, videreutdannelse, trening, kamerat-/venninneturer, hus-/hyttebygging, ferieturer i inn- og utland, omsorg for egne foreldre, følge opp i barnehage og skole med lekser, utstyr, møter og barnas fritid med kjøring til aktiviteter, kakebaking, dugnad, vakter, tillitsverv. Og når vi ikke rekker alt og merker vi ikke er mentalt til stede for barna så får vi dårlig samvittighet og finner mer eller mindre gode måter å kompensere for dette på.

Sett deg ned! Pust! Våg å kjenne etter hvordan du egentlig har det, våg å kjenne hjerteslagene dine, våg å være til stede i deg sjøl. Når babyen gråter, når barnet ditt trenger trøst – ta det inntil deg og pust, rolig og dypt – våg å la roen komme til dere begge. Da bringer du deg sjøl dit barnet ditt trenger deg – til en tilstedeværelse i nået der det er mulig å kjenne på godhet og kjærlighet – forutsetningen for å være en god omsorgsperson og modell. Så går du kanskje glipp av spinningtimen, venninnepraten, eftasfisketuren eller bilvasken denne dagen. Går det bra likevel tro?

# Utdrag fra årsrapporten 2012 for Sør-Fron sokneråd

**Soknerådet består av:**
Kristian Haave (leder), Synnøve Bø Hansen (nestleder), Helen Svelle, Edda Borgen,
Karl Olsen, Tine Elisabeth Slang, Ivar Hovden, Berit Brenden Bredli og sogneprest Magnar Elde.
Vara: Aud Elinor Moheim, John Arne Fossehagen, Inger Elisabeth Pedersen, Jens Ove Isumhaugen og Nils Martin Voldberg.
Kommunestyrets representant i kirkelig fellesråd er Arne Bredeveien.

Soknerådet har hatt 6 møter og behandla 65 saker.

Årsmøtet ble avvikla søndag 22. april i kapellet. Det var 33 frammøtte.

**Sør-Fron sokn har desse tilsette:**

| | |
|---|---|
| Kirkeverge | 80 % |
| Organist | 100% |
| Kirketjener | 100% ved Sør-Fron kirkee |
| Kirketjener | 16% ved Espedalen fjellkirke |
| Menighetspedagog | 80 % |
| Klokker | 30% |

Totalt 4.06 årsverk.
Kirkevergen har vært helt eller delvis sykmeldt fra 26. mars 2012.

**Kirke, kapell og kirkegård**
Lørdag 26.mai var det dugnad på kirkegården med omlag 50 frammøtte.
Alle fikk servert mat i kapellet etter arbeidsøkta.
Vedlikehold som er utført kan nemnes:
- Tetta lekkasje ved karnapp over østre inngangsdør i kirken.
- Oppussing av Kongemonogrammet.

Det er ikke gjort ekstraordinære tiltak i Espedalen Fjellkirke.

**Sommeråpen kirke**
Sør-Fron kirke var åpen for turister fra 25. juni til 11. august.
Det var i overkant av 1000 personer innom kirken og det ble solgt kort, CD-er og jubileumshefter for kr. 4.510,-.

**Kirkebladet**
Kirkeebladet kom ut med 4 nummer i 2012. Redaksjonen består av Karl Olsen, Gudveig Rønn og sognepresten.

**Diakoniutvalget**
Diakoniutvalget for 2012 har vært:
Tine Elisabeth Slang (leder), Mari Johanne Dalseg (kasserer), Eldrid Listad, Oddveig Strand, Kari Hovemoen, Hildur Skurdal, Ivar Hovden.
Reserve: Åse Stebergløkken og Ruth Korstad.
Siste året hadde diakoniutvalget 2 møter, et møte der vårprogrammet ble planlagt, og et for høsten.
Diakoniutvalget har i samarbeid med prest, organist og klokker gjennomført
8 samlinger med høgstdagsbønn, der utvalget har stilt opp med vaffelsteiking og kaffekoking.

**Trosopplæring**
Vi har hatt hjelp av frivillige på tilkalling på enkelte avgrensa tiltaka. De ansatte på prestekontoret har stilt opp og dratt "lasset" sammen.
Siden 2007 har vi drevet fram de ulike tiltaka på samme måte som vi gjorde da vi var prosjektmenighet fram til 2008. Vi får prostimidler også i 2013.

**Gudstjenester og kirkelige handlinger**
Det har vært totalt 66 gudstenester i 2012. Disse er fordelt på kirkene Sør-Fron og Espedalen, Sørheim, Tofte skule, Øvertun grendahus, Harpefoss grendahus, Skar og hos Sclater.

**Konfirmantundervisning**
Sognepresten har hatt undervisning og konfirmasjon med 38 ungdommer.
Under fasteaksjonen gjorde alle en fin innsats med å gå frå dør til dør og de fikk inn kr. 24. 887,50.

**Musikk i kirken 2012**
- I mars, april og mai ble det holdt 5 konserter i korkonsertserien" Primo Vere". Det var tilsammen ca 230 tilhørere og ca 270 korister fra hele Gudbrandsdalen. Alle konsertene var gratis, med en frivillig gave ved utgangen.
- 2.september hadde vi besøk av prosjektkoret «Kor i Kina» som hadde felles konsert med Sør-Fron Sangkor.
- 22.September var Mysen Mannskor på besøk. Golåten og Sør-Fron Sangkor deltok på konserten.
- 30.november hadde VVS sin årlige konsert
- 16.desember var det duket for Bygdas egen julekonsert.
- 20. desember kom Helene Bøksle med sin juleturné, "Det hev ei rose sprunge", og 30. desember ble det satt et mektig punktum for årets konserter med gruppa Kvarts med solister.

**Bispevisitasen - visitas i ei uke – 16 år siden sist**
Tirsdag 20. mars starta biskop Solveig Fiske sin visitas i Sør-Fron. Pilegrimsprest Arne Bakken og prost Per Halstein Nielsen deltok også. Visitasen har fått bred omtale i tidligere.

# Referat frå menigheten sitt årsmøte 07. april 2013 i Sør-Fron Kapell

Soknerådsleiar Kristian Haave ynskte velkomen og leia møtet.
Sokneprest Magnar Elde heldt andakt over Salme 103. Kristin Elde spela piano til salmane: «Jesus lever graven brast» og «Vidunderligst av alt på jord»
Årsrapporten for 2012 vart opplesen av Kristian Haave, Synøve Barlund Fladby, Magnar Elde og Karl Olsen. Tilleggsopplysning: Minste kontingent for Kyrkjebladet er vedteke heva til kr 150 for 2013.

**Spørsmål /kommentar:**
- Kyrkjebladet er eit fint blad som er interessant å lesa, det blir gjordt eit godt arbeid.
- Blomsterkort å få kjøpt i butikk/bank? Kristian overlot til Eldri Listad å ordne det.
- Kan ofring øyremerkast Kyrkjebladet? Svar: Ja, dersom soknerådet vedtek det.
- Etterlysning av visse preiketekster som ikkje lenger blir brukt i kyrkja.
  Svar frå prost Per Halstein Nielsen at preiketekstene blir bestemt av overordna kyrkjelege organ og ikkje av den enkelte prest.
- Kan det søkjast kulturmidler til dåpsopplæring?
  Svar frå Karl Olsen: Må da vera konkrete prosjekt innan dåpsopplæring.
- Arild informerte om at alle som blir vigde i Sør-Fron kyrkje får ein bibel frå Sør-Fron sokn.
- Spørsmål om det er aktuelt å arrangere kurs for tekstlesarar? Svar frå soknerådsleiar: Sør-Fron sokn ved klokkar kan jobbe med saken.

Årsmeldinga vart einstemmig godkjent.
Resyme av årsrekneskap for 2012 vart opplese av soknerådsleiar. Ingen spørsmål/kommentar
Revidert rekneskap blir utlagt til gjennomlesing på Kyrkjekontoret.
Skodespelar Morten Jostad kåserte over Søren Kirkegaard (1813 – 1855), dansk forfattar, teolog og filosof, hans liv og forfatterskap. Eit særs engasjerande og interessant kåseri.
Det vart servert kaffe, snitter og sjokoladekake.
Soknerådsleiar takka for møtet og vi avslutta med «Guds kyrkje syng kring vide jord»
27 personar møtte

*Referent Synnøve Bø Hansen*

# Årsrapport frå Espedalen Fjellkirke 2012

2012 var det året vi fekk besøk av Biskop Solveig Fiske, så den fyrste Gudstenesta i 2012 var torsdag den 22.mars med Solveig Fiske og Sokneprest Magnar Elde.

Elles har det vore totalt 12 gudstenester i Espedalen Fjellkirke i 2012 , 5 med Magnar Elde som prest , to med Steinar Floberg, to med Øyvind Sagedal og ei med prost Hallstein Nilsen og ei med Margit J. Bioani.

I forbinding med Bispevisitasen var dei to konfirmantane i Espedalen tekstlesarar, og det vart servert kjyrkjekaffe etter gudstenesta.

Det var Påsken i ord og tonar , langfredag 6. April kor Hans Kjorstad spelte fele og Kristin Elde song til Sergej Shulgas orgelspel.

Den 13. mai hadde vi besøk av Follebu Motettkor, så da var det godt besøk i kjyrkja.

8. juli deltok ein delegasjon tyskarar frå Dalbakken , så då var det mykje folk og flott song i kjyrkja.

22. juli skulle det haldas val på menighetsutvalg i Espedalen, men då det ikkje var nok navn på listene til å halde val, vart dei som sa seg viljuge til å sitja i utvalet kontakta.

22. september hadde vi Hausttakkefest med godt besøk i kjyrkja.

28. oktober gjeste Lundar Motettkor Fjellkirka med konserten "Heilehjul i gruvesjakten" ei Folkemusikk og Gammeldansmesse. Det var særs vellukka og godt besøkt.

30. desember var det romjulsgudsteneste der Sør-Fron Songkor song.

Det har vore ein vigsel , ingen gravferd og ? dåpar i Espedalen Fjellkirke i 2012.

Martha Megrund har stillt opp som tekstlesar i 8 av 12 gudstenester dette året og.
Vi takkar mange gonger, Martha.

Slik det plar vera i Espedalen har vi også dette år hatt kykjekaffe nesten kvar gong det har vore Gudsteneste. Else Megrund har enda eit år stillt opp med godt bitei og sørga for kaffe til dei tilreisande og lokale i menigheita. Tusen takk for det, Else.

Orgelet vart stemt i månedskifte sep.-okt. Det var det største utgifta vår i 2012.

Dugnaden vår hadde vi 21. Mai, det var særs godt oppmøte av essdøler i alle aldrar frå konfirmantar til dei meir godt vaksne. Dugnaden gjekk unna i ein fei, og vi kosa oss med kaffe og bitei ute, i det gode været. Takk for innsatsen.

I menighetsutvalet sit no Turid Gillebo, kaserar
Birgit Dalen, medlem
Ragnar Langvegg, medlem
Berit Bredli, soknerådet sin representant.

*Ref. Berit Bredli*

# Slekters gang

**DØPTE:**

| | | |
|---|---|---|
| 03.03.13 | Eleah Brandvold | f. 24.11.12 |
| 03.03.13 | Aksel Juul Christiansen | f..07.12.12 |
| 17.03.13 | Vilde Rolstad | f .22.12.12 |
| 17.03.13 | Alma Marie Widme | f .17.12.12 |
| 31.03.13 | Edgar Bredeveien | f. 02.11.12 |
| 14.04.13 | Christian Sæther Lostad | f. 18.12.12 |
| 14.04.13 | William Reiss Østmo | f. 07.12.12 |
| 21.04.13 | Emma Grøndal | f. 23.12.12 |
| 21.04.13 | Elise Grøndal | f. 23.12.12 |
| 28.04.13 | Lucas Danielsen | f. 13.02.13 |
| 01.05.13 | Chinook Lamers | f. 16.06.98 |

**GRAVFERD:**

| | | |
|---|---|---|
| 02.03.13 | Stig Uno Nystuen | f. 1971 |
| 15.03.13 | Solveig Liv Stebergløkken | f. 1930 |
| 17.03.13 | Gunvor Ekre | f. 1931 |
| 19.03.13 | Kristine Dagny Wadahl | f. 1919 |
| 23.03.13 | Kristian Kirkestuen | f. 1924 |
| 08.04.13 | Asbjørn Fevolden | f. 1921 |
| 12.04.13 | Magnhild SynnøveTøfte | f. 1926 |

# DET SKJER!

## PILEGRIMSMESSE I SKAR 23.JUNI KL. 12:00

Pilegrimsmessen i Skar er et samarbeid mellom Nord-Fron kyrkjelige Fellesråd, Sør-Fron sokn og pilegrimssenteret.

## AVSKJEDSGUDSTJENESTE I SØR-FRON KIRKE

Den 14. juli kl. 11:00 er det avskjedsgudstjeneste for Magnar Elde. Kirkekaffe.

## SOMMERÅPEN KIRKE

Sør-Fron kirke blir sommeråpen fra 24. juni til 17. august.
Åpent: Mandag – lørdag kl. 10.00 -15.00.

## HØGSTDAGSBØNN I SØR-FRON KAPELL

Onsdag 29. mai kl. 12.00

## ANDAKT PÅ SØRHEIM OMSORGSSENTER

Torsdag 30.mai kl.12.00
Torsdag 13.juni kl.12.00

# TIL TJENESTE

**Kirkekontoret:**
Kirkekontoret i Sør-Fron
Kommunevegen 1, 2647 Sør-Fron.
Telefon: 61 29 92 30. Fax: 61 29 92 31.
E-post: kirkekontoret@sor-fron.kommune.no

**Kontortider:**
Tirsdag, onsdag torsdag og fredag kl. 10.00–14.00.

**Sogneprest:**
Magnar Elde.
Bergevegen 23, 2647 Sør-Fron. Tlf. arbeid: 61 29 92 32.
Privat: 61 29 64 66. Mobil: 48 00 61 02
E-post: magnar.elde@sor-fron.kommune.no

**Organist:**
Sergey Shulga, Oddvar Nygaardsveg 14, 2647 Sør-Fron
Tlf. arbeid : 61 29 92 33. Mobil: 97 53 71 95
E-post: sergey.shulga@sor-fron.kommune.no

**Kirkeverge:**
Bjørg Sørjordet, Torehaugveien 10, 2640 Vinstra
Tlf. arbeid: 61 29 92 30. Mobil: 95 84 27 85
E-post: bjorg.sorjordet@sor-fron.kommune.no

**Kirketjener:**
Arild Larshaugen, Nordre Liaveg 320, 2647 Sør-Fron
Tlf: Sør-Fron kirke 61 29 71 31. Mobil: 91 79 92 20.
Espedalen Fjellkirke: Arnt Ove Voldbakken
2658 Espedalen. Mobil: 97 95 05 42.
E-post: arnt@dalseter.no

**Klokker:**
Synøve Barlund Fladby, Sigurdvegen 36, 2647 Sør-Fron
Tlf. arbeid: 61 29 92 35. Mobil: 97 72 44 49
E-post: synove.barlund.fladby@sor-fron.kommune.no

**Menighetspedagog:**
Hanne Elisabeth Knutsen, Stuguvollv. 23, 2647 Sør-Fron
Tlf. arbeid 61 29 92 34. Mobil: 95 21 93 76
E-post: hanne.knutsen@sor-fron.kommune.no

**Sør-Fron sokneråd:**
Leder: Kristian Haave, Kongsv. 532, 2647 Sør-Fron
Tlf. 90 64 79 15 - E-post: kri-haa@online.no
Nestleder: Synnøve Bø Hansen, Flatmosvingen 5, 2647 Sør-Fron
Tlf. 95 70 38 55 - E-post: synnove.b.hansen@online.no
Helen Svelle, Edda Borgen, Karl Olsen, Tine Elisabeth Slang, Ivar Hovden og Berit Brenden Bredeli

Vararepr.: Aud Elinor Moheim, John Arne Fossehagen, Inger Elisabeth Pedersen, Jens Ove Isumhaugen og Nils Martin Voldberg

**SØR-FRON KYRKJEBLAD**
Sør-Fron Kyrkjeblad kommer ut med 4 nummer pr. år.
Det deles ut til alle husstandene i kommunen.
Minste kontingent er kr. 100,–.
I redaksjonen: Karl Olsen, Gudveig Rønn og Sognepresten.
Bankgirokonto: 2095.21.81263

**Grafisk produksjon og ekspedisjon:**
Dale-Gudbrands Trykkeri as, 2635 Tretten.
Tlf. 61 27 73 50 - Fax: 61 27 73 51
**www.dg-trykk.no**

**Stoff til kyrkjebladet sendes redaksjonen eller ring telefon 61 29 92 30. Stoff kan også sendes på mail: prestekontoret@sor-fron.kommune.no**

# Velkommen til kirke

**17. mai – Grunnlovsdagen**
Lit.farge: Grønn
Sør-Fron kirke kl. 11.00: Festgudstjeneste

**Pinsedag – 19. mai**
Lit.farge: Rød
Sør-Fron kirke kl.11.00: Konfirmasjon

**26.mai – Treenighetssøndag**
Lit.farge: Hvitt
Sør-Fron kirke kl.11.00: Gudstjeneste

**2.juni - 2.s. i Treenighetstiden.**
Lit.farge: Grønn
Sør-Fron kirke kl 11.00:Gudstjeneste

**9. juni - 3.s. i Treenighetstiden.**
Lit.farge: Grønn
Sør-Fron kirke kl 11:00. Gudstjeneste

**16. juni. - 4.s. i Treenighetstiden.**
Lit.farge: Grønn
Espedalen Fjellkirke kl 11:00. Gudstjeneste

**23. juni. - 5.s. i Treenighetstiden.**
Lit.farge: Grønn
Pilegrimsmesse i Skar kl 12:00 i samarbeid med Nord-Fron og pilegrimssenteret

**30. juni. - 6.s. i Treenighetstiden/Aposteldagen.**
Lit.farge: Rød
Sør-Fron kirke kl 11.00:Gudstjeneste

**7. juli. - 7.s. i Treenighetstiden.**
Lit.farge: Grønn
Sør-Fron kirke kl 11.00:Gudstjeneste

**14. juli. -8.s. i Treenighetstiden.**
Lit.farge: Grønn
Sør-Fron kirke kl 11.00: Avskjedsgudstjeneste for Magnar Elde

**21. juli. 9.s. i Treenighetstiden**
Lit.farge: Ggrønn
Espedalen Fjellkirke kl 11:00 Gudstjeneste

**28. juli. - 10.s. i Treenighetstiden**
Lit.farge: Grønn
Sør-Fron kirke kl 18.00: Olsokmesse

**4. august. - 11.s. i Treenighetstiden.**
Lit.farge: Grønn
Espedalen Fjellkirke kl 11:00. Gudstjeneste

**11. august. - 12.s. i Treenighetstiden**
Lit.farge: Grønn
Sør-Fron kirke kl 11.00:Gudstjeneste

**18. august. - 13.s. i Treenighetstiden.**
Lit.farge: grønn
Espedalen Fjellkirke kl 11:00. Gudstjeneste

**25. august. – Vingårdssøndag/ 14.s. i Treenighetstiden**
Lit.farge: Grønn
Sør-Fron kirke kl 11.00: Gudstjeneste

**1. september. - 15.s. i Treenighetstiden**
Lit.farge: Grønn
Sør-Fron kirke kl 11.00: Gudstjeneste

*Ved forandring, se annonse i GD.*

## KIRKESKYSS

Hvis du ønsker skyss til gudstjeneste eller høgstdagsbønn, kan du ringe til:

**Gunnar Molvik 61 29 81 56 - 48 21 71 27**

Du kan også ringe kirkekontoret i åpningstida på telefon 61 29 92 30, eller Synøve 97 72 44 49.

Kirkeskyssen koster kr. 30,- tur / retur.

*Diakoniutvalget*

## PYNTING OG STELL AV GRAVSTEDER

**ARNE SLÅEN fra Harpefoss**
tar på seg planting og stell av graver på Sør-Fron kirkegård.
Han har adresse: Skrangelliveien, 2647 Sør-Fron.
Tlf. 61 29 81 70 / 99 29 81 70